

Haustetilrådingar per 2.okt 2015 (etter prøveuttaking 2.okt)

Då temperaturane i det siste har vore så høge, så har me vore redd for at utviklinga ville koma til å skje raskt. Det er difor i dag utført ei ekstra haustetidsvurdering for Aroma/Raud Aroma på tidlege stader. Resultata syner at vår vurdering om rask utvikling var rett.

Raud Aroma/ Aroma

Det er teke ut prøvar frå Slinde, Leikanger og Sogndal. På dei tidlege stadene har både fastleik og stive endra seg med ein heil verdi berre sidan tysdag; dvs. at epla har vorte mjukare og stivenedbrytinga skjer fort. Grunnfargen er byrja å koma på plass, medan sukkeret varierer veldig. Slik som sesongen har vore i år, så vil me truleg ikkje oppnå ideelle sukkerverdiar heller. Difor ingen grunn til å la epla henga lenger på tidlege stader; her kan de starta med utorplukking så sant grunnfargen er på plass. Bruk fargevifta som kontroll. For seine stader (Fresvik, Feios, Vangsnes og Sogndal) må de venta med haustestart til nye prøvar er teke ut på tydag 6.oktober.

Visst temperaturane held fram som no, så kan de belaga dykk på at utviklinga skjer raskt. Ver difor svært merksam på utviklinga i eigen hage. Sjekk unge tre, tre med svake grunnstammer og/eller lite avling først, då desse vil modna først. Frukta bør haustast i fleire omgongar og koma **raskt** på kjøll for å få maksimal kvalitet og framleis ha lagringsevne.

Dei fleste prøvane me har teke ut denne gongen er frå Raud Aroma, men den eine prøven frå Gul Aroma syner at utviklinga er ganske lik. Den gule Aroma'en bør haustast i turrvør, så planlegg slik at den haustast i finvør/opplett. Den får ellers lett fingermerker frå haustinga. Pass på at grunnfargen er på plass før starthausting også på denne!

Me tek ut nye prøvar av Raud Aroma/Aroma på seine stader på tysdag 6.oktober. Det vil bli siste prøvetaking for i år.

Mvh

Sognefrukt og NLR Sogn og Fjordane